

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-N02	19/233

Saknr	Utval	Type	Dato
	Formannskapet	PS	
023/2019	Kommunestyret	PS	09.05.2019

Skuleskyss Masfjordskulane kommunalt vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune dekker skuleskyssen for 1. klassingar som har kortere skuleveg enn 2 km og for 2. til 4. klassingar som har kortere veg enn 4 km, der skulevegen vert definert som farleg eller vanskeleg.

Følgjande strekningar vert definert som farlege:

Trodalen – Matre skule

Kvamme /Elvik – Sandnes skule

Krysset Areklett Skjelsundet – Nordbygda skule

Krysset Molland – Nordbygda skule

Rekneset – Nordbygda skule

Følgjande strekning vert definert som vanskeleg:

Molland til kryss Fylkesveg

Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med å optimalisera skuleskyssen for elevane som bur i Fossdalen til den skulen dei er mest tent med å gå på.

Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med at Skyss godkjenner skuleskyssen for elevane i Trodalen som ordinær skyss.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I andre halvdel av 2017 opplevde Masfjorden kommune ei svært vesentleg auke i skyss kostnader til skuleskyss. I den samanheng har det vore ein del informasjonsutveksling og møter med skyss, for å prøva å finna grunnen til denne auken. Noko av auken skuldast at kommunen har vorte fakturert for elevar som har rett på å få dekka skyssen etter vanlege skyssreglar. Ein har sett behov for å sjå på skyssordninga for alle skulane på nytt .

Fakta

Det er Opplæringslova §13-4-ansvar for skuleskyss, som regulerer skuleskyssen. Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskuleelevar på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Skyssretten gjeld imellom eleven sin heim og nærskule. Opplæringslova § 7.1 *Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.* I skyss si handbok for grunnskoler står det i kommentarar under 2.2 «Strekninga må vurderast som særleg farleg og vanskeleg ut frå både objektive og subjektive vilkår. Dei objektive vilkåra relaterer seg til

vegstandard og trafikale tilhøve, medan dei subjektive vilkåra relaterer seg til tilhøve til den einskilde elev t.d alder og utvikling...»

Elevar i 1.kl. har rett på skyss når avstanden mellom heim og skule er meir enn 2 km

Elevar i 2. til 10. klasse har rett til skyss når avstanden mellom heim og skule er 4 km eller meir. Kommunen kan gjera vedtak om skyss for elevar med kortare skuleveg som er trafikkfarleg, eller

særs trafikkfarleg. For desse elevane vert skyssen ein rein kommunal utgift. For ordinær skyss betaler kommunen kr. 38,- pr. dag pr. elev.

Vinterskyss er fri skuleskyss i vintermånadane. Denne skyssen kan kombinerast med betalt privat kjøyring i resten av skuleåret.

Ein har funne at det ikkje er kostnaden med den ordinære skuleskyssen som aukar, men den skuleskyssen som er knytt til kommunale vedtak, ved grunnskulane som har auka. Skyss har innrømt ein del feil i høve til fakturering av elevar som har rett til ordinær skyss, dette vil verta refundert, men det utgjer berre ein del av auken i kostnader.

For Matre gjeld kommunalt vedtak skyss for elevar som er busett i Trodalen, der det ikkje er moglegheit for å gå, p.g.a at busstoppet ligg mellom to tunellar. Skulen har drøfta saka tidlegare med skyss, men har ikkje fått dei til å innrømme skyssansvaret for desse elevane.

For Sandnes vart det gjort kommunalt vedtak i 2001(samlevedtak Arkivkode 216.) dette gjeld elevar som er busett på Kvamme/Elvik. Vedtaket vart gjort på grunnlag av farleg skuleveg for elevar frå 2.-4. klasse.

For Nordbygda skule er det elevar som ikkje har 2/4 km og som bur i området Skjelsundet/Areklett som har hatt kommunalt vedtak om skyss. Dette vedtaket på grunn av tunnelen på fylkesvegen. Vegen ned til Skjelsundet/Areklett vert ikkje rekna som farleg skuleveg

Elevar som bur på Molland har i dag kommunal skyss frå heimen til skulen t/r. Rådmannen finn ikkje heimel for denne praksisen.

Når det gjeld elevar som bur i Fossdalen, er det tidlegare vorte gjort vedtak om skulebyte frå Matre som er skulekrinsen, til Nordbygda for ein enkelt elev. I same vedtaket står det at eleven skal ha skuleskyss med taxi frå heimen til Reknes. Derfrå skal ho ta skulebussen. Eldre søsken gjekk på Matre skule og fekk fri skuleskyss frå Fylkeskommunen, med taxi frå heimen og ordinær skulebuss frå fylkesvegen til Matre skule t/r. Fylkeskommunen er ikkje kontakta i samband med skulebyte for yngre søsken. Dei som bur i Fossdalen har i utgangspunktet rett på fri skuleskyss då dei har over 4 km.

Vurdering

Masfjorden kommune har høge skysskostnader for elevar, som er knytt til kommunale vedtak. Mange av sterkningane har vore rekna som farleg eller særleg vanskeleg skuleveg. Det må vurderast om skulevegen skal reknast som særleg farleg eller vanskeleg for alle elvane uansett alder, eller om det t.d skal gjelda for elevar i småskulen, slik det framgår av vedtak frå 2001-2002.

Ut frå subjektive kriteriar meiner rådmannen at skuleskyss bør tilrådest for 1. klassingar som har mindre enn 2 km skuleveg og 2.-4. klassingar med mindre enn 4 km skuleveg. For eldre elevar kan ein etter grunngjeven søknad frå føresette vurderer fri skuleskyss.

Ut frå objektive kriteriar meiner rådmannen at skuleskyss bør tilrådest for 1. klassingar som har mindre enn 2 km skuleveg og 2.-4. klassingar med mindre enn 4 km skuleveg der skulevegen eller delar av skulevegen vert definert som farleg . For eldre elevar kan ein etter grunngjeven søknad frå føresette vurderer fri skuleskyss

Ut frå objektive kriteriar meiner rådmannen at skuleskyss bør tilrådest for 1. klassingar som har mindre enn 2 km skuleveg der skulevegen vert definert som vanskeleg. Vinterskuleskyss bør tilrådest for 2.-4. klassingar med mindre enn 4 km skuleveg der skulevegen eller delar av skulevegen vert definert som vanskeleg. For eldre elevar kan ein etter grunngjeven søknad frå føresette vurderer fri skuleskyss

Konklusjon

På bakgrunn av at strekningane som er beskrive vert definert som farleg skuleveg eller vanskeleg skuleveg vert det gjort vedtak om at kommunen dekkjer skyssen for elevane frå dei nemnde områda, og innafor nemnde klassesetrinn. Jfr. Framlegg til vedtak.

Kommunestyret - 023/2019

KS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka.

Lene Hansen Kvamsdal (H) spurte om ho var inhabil sidan ho har barn som vert berørt av framlegg til vedtak. Kvamsdal gjekk frå møtet. Det vart samrøystes vedteke at ho var habil i saka.

Saka vart drøfta.

Jon Hope (KrF) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing.

Framlegg til vedtak frå KrF vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing.